



Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
122/07	Formannskapet	27.09.07
050/07	Kommunestyret	11.10.07

Samfunnsdelen i kommuneplanen

Dokument i saka:

- Telemark fylkeskommune, Referat frå planforum 5. desember datert 07.12.06.
- Fylkesmannen i Telemark, høyring datert 13.08.07.
-

Vedlegg:

Fakta i saka:

Det er kun Telemark fylkeskommune og Fylkesmannen i Telemark som har uttalt seg i høve til samfunnsdelen i kommuneplanen. Det er ikkje varsla noko motsegn i høve til denne delen av kommuneplanen.

Kommentarar til høyringsutalene:

Telemark Fylkeskommune

I avsnitt "Regionale føringar" (jf kommunens forslag pkt. 2.2.) må også fylkesdelplanar om senterstruktur og folkehelse med.

Fylkesmannen i Telemark

Dette er ein omfattande plan med mange gode mål og visjonar. Statistikkdelen er og omfattande og nyttig. Arbeidet med samfunnsdelen ser ut til å hatt ein brei og omfattande prosess med god deltaking lokalt. Det leggjast vekt på samarbeid over kommune- og fylkesgrenser.

Vi saknar kanskje ei prioritering og ein strategidel. Når ressursmangel er den største utfordringa kommunen har (sjå fråsegn i siste avsnitt under pkt 2.7, side 17), vil det vere vesentleg med ei prioritering og ein strategi for utviklinga av samfunnet i Nissedal.

Kommunen satsar på vidare hyttebygging (hytter, turisme og vilt/fiske) som virkemiddel for å auke sysselsettinga i kommunen, der Kyrkjebygdheia, Felle og Gautefallheia er dei største utbyggingsområda.

Det er positivt at det søkjast å sette i gang arbeid med temakart for friluftsliv og vilt og at desse interessene skal takast spesielt omsyn til i reguleringsplanprosessen.

Samfunnsdelen har vedteke mål for dei ulike arbeidsområda for kommunen. Det hadde vore ønskeleg om planen hadde hatt med nokre mål om kommunens arbeid med natur- og miljøutfordringar, særleg då det største satsingsområde for kommunen er fritidsbustader.

Vurdering:

Samfunnsdelen i kommuneplanen er bygt på ei breiare deltaking ute blant alle befolkningsgrupper i kommunen enn nokon gong før. Samfunnsdelen er for kap. 4. lagt opp etter måten kommunen er organisert på. Ei positiv folketalsutvikling har vore viktig å ta omsyn til for alle einingar. Gitte signal frå innbyggjarane har ein tatt omsyn til og fordelt viktige innspel der dei organisatorisk høyrer heime i kommunestrukturen.

Nissedal kommune arbeider for å bli godkjent som ”trygt lokalsamfunn”, jf. kap. 3.0 og det er oppretta partnerskapsavtale mellom kommunen og fylkeskommunen om folkehelsesatsing. I samfunnsdelen pkt. 5.3 Fylkesplan for Telemark heiter det at det for Nissedal vil vere viktig å prioritere oppgåver i samsvar med prioriterte oppgåver i fylkesplanen. Det er difor uproblematisk å forsterke denne føringa under pkt. 2.2 der følgjande setning blir foreslått lagt inn:

Nissedal kommune si satsing på senterstruktur og folkehelse koordinerast med fylkesdelplanar for desse satsingsområda.

For Nissedal kommune er det viktig å ta heile kommunen i bruk. Det er ein stor vilje til å satse ute i alle grendene, slik at så mange kommunale tilbod kan gjevast så nær bustad som råd. Den strategien har gjennom kommuneplanprosessen bare blitt forsterka og vil vere den viktigast strategien for å oppnå folketalsauke og for å bruke kommunale ressursar til beste for alle i kommunen.

For å oppnå dette har kommunestyret gitt uttrykk for at det vil vere viktig med ei brei satsing på kultur, næring, ungdom og tilrettelegging for bustader i alle grendene.

Under pkt. 2.7, etter siste avsnitt innarbeidast følgjande setningar:

Nissedal kommune har som strategi å ta heile kommunen i bruk. For å oppnå dette og gje grunnlag for folketalsauke vil kommunen ha ei aktiv satsing på kultur, næring, ungdom og busetting.

Under kommuneplanarbeidet har kommunen bruka ekstern konsulent for å vurdere eit utval av utbyggingsområde med tanke på natur og kulturverdiar.

Nissedal kommune vil stille krav om at nødvendige konsekvensvurderingar i høve til natur og miljø blir gjennomført når planar for omdisponering av arealressursar blir fremma.

Under pkt. 3.0, avsnitt om biologisk mangfald vert følgjande setning lagt inn:

Nissedal kommune vil stille krav til konsekvensvurderingar i høve til natur og miljø som del av planarbeidet ved større omdisponering av arealressursar.

Sjølv om det bare er merknader som har kome som kommentarar til samfunnsdelen, og desse ikkje er i strid med samfunnsdelen slik han vart sendt ut på høyring rår eg til at ein tek omsyn til merknadane og innarbeider setningane i kursiv i samfunnsdelen av kommuneplanen.

Rådmannen si tilråding :

Under pkt. 2.2, etter siste avsnitt innarbeidast følgjande setning:

Nissedal kommune si satsing på senterstruktur og folkehelse koordinerast med fylkesdelplanar for desse satsingsområda.

Under pkt. 2.7, etter siste avsnitt innarbeidast følgjande setningar:

Nissedal kommune har som strategi å ta heile kommunen i bruk. For å oppnå dette og gje grunnlag for folketalsauke vil kommunen ha ei aktiv satsing på kultur, næring, ungdom og busetting.

Under pkt. 3.0, avsnitt om biologisk mangfald vert følgjande setning lagt inn:
Nissedal kommune vil stille krav til konsekvensvurderingar i høve til natur og miljø som del av planarbeidet ved omdisponering av arealressursar.

Behandling i Formannskapet 27.09.2007:

Ordføraren gjorde slikt framlegg : Nytt kulepunkt under pkt. 4.5.

Kyrkja vil i samarbeid med friviljuge lag og organisasjonar fylgje opp vedtak i Stortinget om trusopplæring.

Johanne Vejrup Ap gjorde slikt framlegg:

A.

Nytt fjerde kulepunkt avsnitt 4.1: Eit aktivt og nyskapande næringsarbeid for eit allsidig og veksande næringsliv.

Flytte tredje siste kulepunkt opp som nr. 5.

B.

Endring av første kulepunkt, avsnitt 4.6: Skulen skal i fyrste rekke vere ein kunnskapsformidlar der undervisninga

Nytt siste kulepunkt: Sikre god overgang til vidaregåande skule.

C.

Nytt femte kulepunkt avsnitt 4.9: Vidare bygging av fritidsbustader skal ha miljøperspektiv der nøkternhet i storleik og energi- og ressursbruk er berande element.

Sjette kulepunkt endrast til: Plantiltak som kan gje varige arbeidsplassar innan kompetanse og service skal ha prioritet.

D.

Rusmiddelpolitisk handlingsplan

Ny målformulering:

Auke kunnskap om helsemessige skadeverknader og fare for avhengighet ved bruk av alkohol og nikotin.

Skape gode haldningar for å forebyggje missbruk av alkohol og narkotika.

Heve debutalderen hos unge for bruk av alkohol og nikotin.

Motverke bruken av cannabis, ecstasy og liknande stoff mellom unge og yngre vaksne.

Gje rusmiddelavhengige eit betre og meir effektivt behandlings-, etterverns og omsorgstilbod.

Votering:

Samrøystes for rådmannen si tilråding.

Samrøystes som Ap sitt framlegg pkt. A.

Samrøystes som ordføraren sitt framlegg.

Samrøystes som Ap sitt framlegg pkt. B.

Samrøystes som Ap sitt framlegg pkt. C.

Samrøystes som Ap sitt framlegg pkt. D.

Tilråding i Formannskapet - 27.09.2007:

Samfunnsdelen i kommuneplanen vert vedteke med dei endringar som rådmannen og formannskapet har lagt inn.

Nytt kulepunkt under pkt. 4.5.

Kyrkja vil i samarbeid med friviljuge lag og organisasjonar fylgje opp vedtak i Stortinget om trusopplæring.

Nytt fjerde kulepunkt avsnitt 4.1: Eit aktivt og nyskapande næringsarbeid for eit allsidig og veksande næringsliv.

Flytte tredje siste kulepunkt opp som nr. 5.

Endring av første kulepunkt, avsnitt 4.6: Skulen skal i fyrste rekke vere ein kunnskapsformidlar der undervisninga

Nytt siste kulepunkt: Sikre god overgang til vidaregåande skule.

Nytt femte kulepunkt avsnitt 4.9: Vidare bygging av fritidsbustader skal ha miljøperspektiv der nøkternhet i storleik og energi- og ressursbruk er berande element.

Sjette kulepunkt endrast til: Plantiltak som kan gje varige arbeidsplassar innan kompetanse og service skal ha prioritet.

Rusmiddelpolitisk handlingsplan

Ny målformulering:

Auke kunnskap om helsemessige skadeverknader og fare for avhengighet ved bruk av alkohol og nikotin.

Skape gode haldningar for å forebygge missbruk av alkohol og narkotika.

Heve debutalderen hos unge for bruk av alkohol og nikotin.

Motverke bruken av cannabis, ecstasy og liknande stoff mellom unge og yngre vaksne.

Gje rusmiddelavhengige eit betre og meir effektivt behandlings-, etterverns og omsorgstilbod.

Behandling i Kommunestyret 11.10.2007:

Tilslutning til ulike redaksjonelle endringar.

Tilleggsframlegg frå Jon Inge Nordbø:

"Når bustadsosial handlingsplan er vedteken innarbeidast denne i kommuneplanen sin samfunnsdel".

Votering: Formannskapet si tilråding, med tilleggsframlegg samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 11.10.2007:

Samfunnsdelen i kommuneplanen vert vedteke med dei endringar som rådmannen og formannskapet har lagt inn.

Nytt kulepunkt under pkt. 4.5.

Kyrkja vil i samarbeid med friviljuge lag og organisasjonar fylgje opp vedtak i Stortinget om trusopplæring.

Nytt fjerde kulepunkt avsnitt 4.1: Eit aktivt og nyskapande næringsarbeid for eit allsidig og veksande næringsliv.

Flytte tredje siste kulepunkt opp som nr. 5.

Endring av første kulepunkt, avsnitt 4.6: Skulen skal i fyrste rekke vere ein kunnskapsformidlar der undervisninga

Nytt siste kulepunkt: Sikre god overgang til vidaregåande skule.

Nytt femte kulepunkt avsnitt 4.9: Vidare bygging av fritidsbustader skal ha miljøperspektiv der nøkternhet i storleik og energi- og ressursbruk er berande element.

Sjette kulepunkt endrast til: Plantiltak som kan gje varige arbeidsplassar innan kompetanse og service skal ha prioritet.

Rusmiddelpolitisk handlingsplan

Ny målformulering:

Auke kunnskap om helsemessige skadeverknader og fare for avhengighet ved bruk av alkohol, tobakk og narkotika.

Skape gode haldningar for å forebyggje missbruk av alkohol, tobakk og narkotika.

Heve debutalderen hos unge for bruk av alkohol, tobakk og narkotika.

Motverke bruken av cannabis, ecstasy og liknande stoff mellom unge og yngre vaksne.

Gje rusmiddelavhengige eit betre og meir effektivt behandlings-, etterverns og omsorgstilbod.

Når bustadsosial handlingsplan er vedteken innarbeidast denne i kommuneplanen sin samfunnsdel.